



# Ny kommune i indre Sunnfjord

Administrativ styringsgruppe

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Øystein Høyvik  
Tlf.

Vår referanse:  
17/6-11-ØH-  
FE - 035

Dato:  
21.11.2017

## Administrativ styringsgruppe, referat frå møte 17.11.17

Tidspunkt : Fredag 17.11.17 kl. 12.30 – 15.00  
Stad : Thon Hotel Jølster

### Til stades:

Ole John Østenstad, Ellen Jensen (til kl 14.00), Atle Fasteland, Øyvind Bang-Olsen, Stian Jakobsen (via telefon), Solveig Bringeland, Marit Solheim, Toril Anita Segtnan, Anette Sollid og Øystein Høyvik.

### Ikkje til stades:

Elin Enebakk og Malin Moldestad

### Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva
12.30 – 13.00	<ul style="list-style-type: none"><li>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.11.17</li><li>Fast post<ul style="list-style-type: none"><li>Kort gjensidig orientering</li><li>Informasjon som bør/skal sendast til medlemmane av Fellesnemnda?</li></ul></li><li>Oppsummering frå møte i fellesnemnda 15.11.17 v/ Ole John Østenstad</li><li>Tilbakemelding frå møte med leiarane av dei politiske prosjektgruppene v/ Ole John Østenstad</li></ul>
13.00 – 13.20	<ul style="list-style-type: none"><li>Status oppstart prosjektsekretariatet v/ Øystein Høyvik</li><li>Tilbakemelding frå møte med dei ulike nettverka – vidare prosjektorganisering v/ Øystein Høyvik</li></ul>
13.20 – 13.45	<ul style="list-style-type: none"><li>Budsjett for prosjektperioden v/ Øystein Høyvik.</li></ul>
13.45 – 14.30	<ul style="list-style-type: none"><li>Kommunikasjonsstrategi v/ Anette Sollid</li></ul>
14.30 – 15.00	<ul style="list-style-type: none"><li>Fellesnemnda sitt møte 13.12.17<ul style="list-style-type: none"><li>Kva saker bør opp?</li><li>Nærare planlegging av tema «digitalisering»</li></ul></li><li>Faste møte mellom rådmenn og ordførarar i 2018?</li><li>Planlegge møta med kommunalsjefar 28.11.17 og HTV/HVO 21.11.17</li><li>Faste møte med kommunalsjefar og HTV/HVO i 2018?</li><li>Møteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringar?</li><li>Ev.</li></ul>

### Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.11.17

- Godkjent

### Fast post

- Kort gjensidig orientering
  - Ikkje nytt sidan møte i fellesnemnda 15.11.17

- Informasjon som bør/skal sendast til medlemmane av fellesnemnda?
  - Ikkje nytt sidan møte i fellesnemnda 15.11.17

### Oppsummering frå møte i fellesnemnda 15.11.17

- Knytt til sak om godtgjersle, kompensasjon og frikjøp vil det bli gjennomført møte 05.12.17 i regi av gruppeleiarane, og kor fungerande prosjektleiar og prosjektkoordinator deltek

### Tilbakemelding frå møte 15.11.17 med leiarane av dei politiske prosjektgruppene

- Til stades i møtet: Leiarane for dei fire politiske prosjektgruppene, fungerande prosjektleiar og prosjektkoordinator
- Konklusjonar:
  - Arbeidet startar opp i 2018
  - Fungerande prosjektleiar / prosjektkoordinator utarbeidar
    - notat knytt til regelverk mv for politisk organisering
    - utkast til prosjektplanar for alle prosjektet
  - Nytt planleggingsmøte i etterkant av møte i fellesnemnda 13.12.17 – prosjektkoordinator inviterer
  - Oppstartsmøte for gruppene i januar 2018 – prosjektkoordinator kjem med framlegg til tidspunkt mv i møte 13.12.17

### Status oppstart prosjektsekretariatet

- Øystein Høyvik informerte om status

### Tilbakemelding frå møte med dei ulike nettverka – vidare prosjektorganisering

- Øystein Høyvik informerte frå møta med nettverka personal, IKT/digitalisering og teknisk
- Opplæring av nettverka knytt til prosjektverktøyet vil skje i møte 28.11.17
- Nettverka vil få frist til 22.12.17 med å levere prosjektplanar
- Øystein Høyvik inviterer til møte med Lise Mari Haugen og Ole John Østenstad for å drøfte behovet for prosjektleiar IKT/digitalisering

### Budsjett for prosjektperioden

- Utsendt første utkast til budsjett vart drøfta
- Førebelse konklusjonar og vurderingar:
  - Kan bli utfordrande å få på plass inndecking innanfor råma av eingongstilskotet på kr 46,1 millionar
  - Ombyggingskostnader og andre investeringar (til dømes nye IKT-system) må vurderast å bli tatt over kommunane sine driftsbudsjett
  - Prosjektkoordinator ber IKT-koordinatorane utarbeide kalkyle knytt til integrasjon og konvertering av alle IKT-system
  - Må sjå på alternative finansieringskjelde – til dømes omstillingsmidlar frå fylkesmannen

### Kommunikasjonsstrategi

- Anette Sollid innleia om temaet
- Omgrepsavklaring:
  - Kommunikasjonsstrategi vil gjelde for den nye kommunen etter 01.01.20
  - Kommunikasjonsplan skal gjelde for prosjektorganisasjonen og – perioden
- Prosjektsekretariatet v/ Anette Sollid utarbeidar utkast til kommunikasjonsplan som skal handsamast i møte 01.12.17
- Det bør vurderast gjennomføring av informasjonsmøte for alle tilsette i januar 2018

### Fellesnemnda sitt møte 13.12.17

- Møtet blir gjennomført i Jølster sitt kommunehus
- Førebels køyreplan
  - Kl 10.00 – 10.15: Informasjon frå fungerande prosjektleiar
  - Kl 10.15 – 10.45: Halvårleg evalueringsmøte med kyrkjeleg fellesnemnd
  - Kl 10.45 – 11.30: Digitalisering (må gjennomførast før lunsj grunna deltaking frå KS)
  - Kl 11.30 – 12.00: Møte i PSU
  - Kl 12.00 – 12.30: Lunsj

- Kl 12.30 – 13.45: Møte i fellesnemnda – ev framhald av møte i PSU
- Kl 13.45 – 14.45: Informasjon om Jølster som samfunn og organisasjon
- Kl 14.45 - 15.00: Nytt frå kommunane som har relevans for den nye kommunen
- Kva saker skal handsamast
  - Tilsetting av prosjektleiar / rådmann i ny kommune
  - Godtgjersle, kompensasjon og frikjøp
  - Prosjektstøtte kyrkjeleg fellesnemnd
  - Budsjett for prosjektperioden
  - Investering i «Friskhus» i Naustdal kommune
- Prosjektkoordinator gjer nærare avtale med Frode Kyrkjebø og Lise Mari Haugen i høve innlegg om digitalisering

#### Faste møte mellom rådmenn og ordførarar i 2018?

- Administrativ styringsgruppe vurderer det som tenleg at det blir gjennomført faste oppdateringsmøte mellom ordførarane og rådmennene i 2018
- Prosjektkoordinator inviterer til møte

#### Planlegge møta med kommunalsjefar 28.11.17 og HTV/HVO 21.11.17

- Dagsorden 21.11.17

Tidspunkt	Kva
09.00 - 09.15	Velkommen og presentasjonsrunde v/ prosjektkoordinator Øystein Høyvik
09.15 – 09.45	Informasjon om status i arbeidet mv v/ fungerande prosjektleiar Ole John Østenstad
09.45 – 10.00	Organisering av program- og prosjektarbeidet v/ prosjektkoordinator Øystein Høyvik
10.00 – 10.15	Aktuelle saker v/ HTV og HVO
10.15 – 10.30	Pause
10.30 – 11.25	Veksling mellom gruppearbeid og plenum
11.25 – 11.30	Avslutning

- Dagsorden 28.11.17

Tidspunkt	Kva
12.00 – 12.05	Velkommen v/ fungerande prosjektleiar Ole John Østenstad
12.05 – 12.25	Status i arbeidet v/ fungerande prosjektleiar Ole John Østenstad
12.25 – 12.40	Informasjon mv frå HTV og HVO
12.40 – 12.50	Organisering av program- og prosjektarbeidet v/ prosjektkoordinator Øystein Høyvik
12.50 – 13.10	Gjennomgang av prosjektstyringsverktøy og med hovudfokus på mal for prosjektplan/-direktiv v/ Solveig Masdal Haugsvær og Liv Janne Bell Jonstad
13.10 – 13.20	Pause
13.20 – 14.20	Til disposisjon for prosjektgruppene/nettverka
14.20 – 14.30	Oppsummering og avslutning

#### Faste møte med kommunalsjefar og HTV/HVO i 2018?

- Prosjektkoordinator inviterer til møte om lag ein gong i kvartalet i 2018

#### Møteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringar?

- Ikkje behov for endringar

**Eventuelt**

- Ingen saker

Med helsing

Øystein Høyvik  
Prosjektkoordinator

Dette brevet er elektronisk godkjent av fellesnemnda om det ikkje er signert.

**Kopi til:**

KRYSS Revisjon  
Sekom-sekretariatet